



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
29.04.2014
Dykkar dato
17.01.2014

Vår referanse
2013/1099 - 561
Dykkar referanse
201103007-

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til sju søknader om løyve til å byggje småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar

Vi viser til oversendinga datert 17.1.2014.

Fylkesmannen har vurdert om sju nye småkraftprosjekt i Jølstravassdraget og Breimsvassdraget kan råke kjende allmenne interesser. Prosjekta er planlagde i eit område med store landskaps- og friluftsverdiar, men dei vil i ulik grad råke desse verdiane. Ut frå ei samla vurdering vurderer Fylkesmannen at fire av søknadene kan akseptast med nødvendige endringar. Åmot kraftverk og Driva kraftverk vil råke nasjonale interesser knytt til landskap og friluftsliv i så stor grad at vi fremjar motsegn til søknadene. Vidare rår vi i frå at det vert gjeve konsesjon til Paulen kraftverk, som vil råke naturmiljø og friluftsliv og samtidig gje liten energigevinst.

Bakgrunn	1
Vurdering.....	2
Samla vurdering	2
Øvrebø kraftverk	3
Helgheim kraftverk.....	4
Kupekraft kraftverk	5
Åmot kraftverk	6
Paulen kraftverk	7
Driva kraftverk	8
Neselva II kraftverk.....	9
Ureining, vasskvalitet og støy	10

Bakgrunn

NVE har sendt på høyring sju søknader om å få byggje småkraftverk i Jølstravassdraget og Breimsvassdraget. Om alle kraftverka vert bygde, vil vassføringa verte vesentleg redusert over totalt 9,7 km elvestrekning. Vidare vil inntaksdammar, røygater, kraftstasjonar, anleggsveggar og nye kraftliner føre til naturinngrep. Samla omfattar søknadene eit årleg produksjonspotensial på 118 GWh. Prosjekta kan bidra positivt til å oppnå målet om å auke produksjonen av fornybar energi med 26,4 TWh i Noreg og Sverige.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Prosjekt	Inntak (m.o.h)	Avlaup (m.o.h)	Slukeevne		Produksjon (GWh/år)	Pris (kr/kWh)
			(% av middelvassf.)	Minstevassf.		
Øvrebø kraftverk	523	327	202	alm. lågvassf.	10,2	3,80
Helgheim kraftverk ¹	469	214	167	5-persentilar	7,4	3,92
Kupekraft kraftverk ²	778	340	175	alm. lågvassf.	30,4	2,76
Åmot kraftverk	480	300	238	< 5-persentilar	28,0	2,89
Paulen kraftverk ²	132	97	195	5-persentilar	4,0	3,70
Driva kraftverk	630	480	150	< 5-persentilar	17,8	3,64
Neselva II kraftverk	380	195	146	< 5-persentilar	20,6	2,09

¹ Inkl. overføring av sidevassdrag.

² Inkl. regulering av innsjø innafor naturleg vasstand.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg vidare vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta. I tillegg vurderer vi landbruks- og beredskapsinteresser dersom desse interessene vert råka. Søknadene skal vurderast kvar for seg, men også samla belastning for regionen skal vurderast.

Vurdering

Ved siste statusgjennomgang var 57 % av vasskraftpotensialet i Sogn og Fjordane utbygt eller konsesjonsgjeve til kraftproduksjon (NVE, 31.12.2012). Dei nye prosjekta er ofte konflikthulle og fører i aukande grad til inngrep i verdifulle natur- og friluftsområde, eller kan vere uaktuelle på grunn av høge kostnader. Dette er eit resultat av at dei mest lønsame og dels dei minst konflikthulle prosjekta gjerne alt er realiserte.

Kunnskapsgrunnlaget om naturtypar og naturmangfald i influensområda vurderer vi i hovudsak som godt nok, om ikkje anna er nemnd i den prosjektvise vurderinga. Den miljøvernfarelege vurderinga vår byggjer på fagrapportane i søknadene, eigen kjennskap til områda, og inntrykk frå synfaring hausten 2013.

Samla vurdering

Før søknadene om nye kraftprosjekt i Jølster og Gloppen kan slutthandsamast må det vurderast heilskapleg og samla for heile området kva for nye kraftverk som kan få konsesjon. Fleire av prosjekta ligg ved nasjonalt og regionalt viktige friluftsområde og i nærrområde eller ved innfallsportar til Jostedalsbreen nasjonalpark eller Naustdal - Gjengedal landskapsvernområde. Opplevinga av vassdrag og fossefall som renn naturleg er viktig for turistane som kjem til Noreg, og for lokal identitet.

Oversiktskartet over utbygde, planlagt utbygde og konsesjonssøkte vassdrag i dette området i Jølster og Gloppen viser at det knapt er eit einaste vassdrag att som ikkje er eller kan verte utbygt. Ingen av dei konsesjonssøkte kraftverka i Jølster på oversiktskartet har vorte avslege. Alle kraftverka som det no vert søkt om kan etter vårt syn ikkje kan få konsesjon, dersom det skal vere naturleg rennande vassdrag att i området. Det blir då ei avveging av å samle inngrep og dermed skjerme nokre vassdrag, og samstundes sjå til at ikkje omfanget av inngrep i eit område vert for stort. For naturmiljøet vil det å skjerme nokre vassdrag mot kraftutbygging til vanleg vege tyngst. Ut i frå dette meiner vi at Åmot kraftverk og Driva kraftverk inn mot Jostedalsbreen nasjonalpark heilt klart bør unngåast. Noko av dei same verdiane kan takast vare på inn mot Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde dersom Øvrebø kraftverk og Kupekraft kraftverk ikkje vert bygde, men desse to dalføra er i

stor grad prega av inngrep nedanfor dei planlagde tiltaksstrekningane. For Kupekraft ligg det nokre føringar gjennom vernevedtaket for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. For Nesdal kraftverk, Helgheim kraftverk og Paulen kraftverk spelar etter vår vurdering omsynet til heilskapen mindre inn enn den konkrete vurderinga av korleis dei allmenne interessene vert råka i kvart av vassdraga.

Øvrebø kraftverk

Delar av Hegrenesdalen er prega av fleire tekniske inngrep og store granplantefelt, men det er også tiltalende parti i dalføret der elva bidreg til landskapsopplevinga. Øvrebøfossen er ein monaleg foss på tiltaksstrekninga som er godt synleg frå vegen opp dalen. Fossen ligg skjerna frå vegstrekninga nedanfor på grunn av plantefelta, men gjev eit stort inntrykk i landskapsrommet som opnar seg i stigninga opp dalen. Fossen i Fossagrova og fossen i ei anna sideelv gjev inntrykk av å vere i eit fosselandskap.

Dalen er innfallsport til høg fjellsområda ovanfor som inngår i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og som har nasjonal verdi som friluftsområde, men i følge søknaden er det relativt avgrensa besøk gjennom tursesongen slik at Hegrenesdalen etter vårt syn ikkje kan reknast som ein av dei viktigaste innfallsportane. Vi reknar med at dei som går tur i området stort sett parkerer nedanfor fossen.

Øvrebøfossen har bekkekløft og bergvegg (verdi viktig - B), og ei lita sideelv (Fossagrova) med ein mindre foss kjem ned i den same gryta. Bekkekløfta er også eit markant landskapselement. Inst ligg ein kulp som dekkjer botnen i kløfta mellom fossane. Rett etter Øvrebøfossen går elva gjennom et kort gjel med steile vegger og utan skog i botnen. Ved bergfoten på vestsida av fossen ligg ei rasmark med middels utvikla fosseengvegetasjon, som er dels sprutpåverka og rik på mosar. Redusert vassføring i Øvrebøelva vil endre fukttilførselen i elvekløfta ved Øvrebøfossen, og gje dårlegare vilkår for mose- og lavfloraen i sprutsona til fossen. Strandsnipe (raudlista, NT) og fossekall hekkar truleg langs vassdraget. Med så omfattande utbygging som det er kring Jølstravatnet er det etter vårt syn viktig å spare dei fossane som er att. At Øvrebøfossen har fått verdi viktig må tilleggjast betydeleg vekt. Dersom vassdraget skulle verte utbygt, er det viktig å fastsetje eit tilstrekkeleg miljøbasert vassføringsregime for å avbøte skadane den prioriterte naturtypen, og på dei nemnde artane anna vasstilknytt flora og fauna på tiltaksstrekninga.

Kraftverket ligg om lag 1,5 km ovanfor vandringshinderet for aure frå Jølstravatnet. Ved konsesjonspliktutvurderinga for Gjerdet kraftverk, som ligg mellom kraftstasjonen for Øvrebø kraftverk og vandringshinderet, vart det konkludert med at det ikkje var behov for omlaupsventil på grunn av nivå på minstevassføringa og tillaup frå restfeltet. Øvrebø kraftverk vil regulere ei lengre elvestrekning og er planlagt med lågare minstevassføring enn det som ligg til grunn for Gjerdet kraftverk. Det må difor vurderast om det kan verte behov for omlaupsventil i Øvrebø kraftverk.

Det er altså planlagt å byggje ut ein foss som både er eit landskapselement og som har fossesprøytzone og bekkekløft, og det er planlagt svært låg minstevassføring som etter vår vurdering er alt for lågt til å avbøte skade på landskap og naturmiljø. I miljøutgreiinga er det lagt vekt på at Ålhusdalselva vil sikre ei høvesvis stor restvassføring. Vi vil understreke at minstevassføringa skal avbøte skade på heile den påverka strekninga. Dei største allmenne interessene som vert råka av utbygginga er knytt til Øvrebøfossen. Det bør utgreiast eit alternativ med kraftverkavlaup ovanfor Øvrebøfossen. Vi etterlyser også biletedokumentasjon av fossen ved relevante vassføringar, som føreslege minstevassføring 0,077 m³/s, 150 m³/s (5-persentil sommar) og 300 m³/s (2*5-persentil sommar) og høgare.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer det som akseptabelt å opne for ytterlegare kraftutbygging i Hegreneselva, men det er store allmenne interesser knytt til vassdraget som det må takast betre omsyn til enn det som søknaden legg opp til. Vi meiner det bør utgreiast eit alternativ med kraftverksavlaup ovanfor Øvrebøfossen. Dersom denne fossen likevel skal byggjast ut, må det fastsetjast eit miljøbasert vassføringsregime med sommarvassføring som er høg nok til å oppretthalde Øvrebøfossen som landskapselement og samstundes avbøte skaden på fossesprøytonene og bekkekløfta knytt til fossen.

Helgheim kraftverk

Øvre delar av nedslagsfeltet til Helgheimselva inngår i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, men vi vurderer ikkje kraftverksplanane til å kome i konflikt med landskapsvernområdet. Turgåarar nyttar i dag vegen framfor stien som dels følgjer elva opp dalen, og vi reknar med at mange om sommaren parkerer lenger opp enn der inntaket er planlagt. Frå vegen er elva lite synleg bortsett frå på nokre kortare parti. På tiltaksstrekninga er det fleire fossestryk, men ikkje fossar som dominerer i landskapet. Inntaket ser ut til å vere planlagt nedanfor eit fossestryk der elva renn over bart fjell, og er dermed godt synleg.

Langs store delar av tiltaksstrekninga er det samanhengande granplantefelt, og her er elva utilgjengeleg og ikkje synleg frå vegen. Uttak av gran på dels store areal også nær elva er likevel i ferd med å gjere elva meir synleg i landskapet. Nedre del av tiltaksområdet er dermed prega av naturinngrep, anten i form av granplanting eller uttak med påfølgjande maskinhandsaming av skogbotnen. Når området vert revegetert, vil landskapet truleg opplevast som meir naturleg, og elva vil då kunne bidra til landskapsopplevinga. Det skålforma øvre partiet av Helgheimsdalen har mange opptil fire meter høge morenar som spreier seg i vifteform i dalen, og er registrert som eit område med spesielle naturkvalitetar i EDNA. Tiltaket vil ikkje redusere inngrepsfrie naturområde (INON).

Inntaksdammen for overføringa av Støselva er planlagt øvst i ei djup bekkekløfta (verdi lokalt viktig - C). Strandsnipe (raudlista, NT) og fossefall hekkar truleg langs vassdraget. Etter vårt syn vil dette inngrepet bli for stort og påverke naturmiljøet for mykje til at det kan forsvarast i høve til gevinsten på 0,8 GWh på årsbasis. Dersom Støselva likevel skulle verte utbygt, må det fastsetjast eit tilstrekkeleg miljøbasert vassføringsregime for å avbøte skadane den prioriterte naturtypen, og på dei nemnde artane og anna vasstilknytt flora og fauna på tiltaksstrekninga.

Kraftverksavlaupet er planlagt ved kote 214 for å komme ovanfor ei viktig gytestrekning for aure frå Jølstravatnet. Auren kan vandre vidare opp i elva, og det skal vere fiska aure opp til eit vandringshinder ved kote 225. Absolutt vandringshinder vert opplyst å liggje ved kote 240. I naturutgreiinga er den nedre elvetrykninga verdsett til svært viktig for biologisk mangfald. Sjølv om den viktigaste strekninga ligg nedanfor det planlagde kraftverket, vil det vere viktig å oppretthalde eit produksjonspotensial og fiskeplassar vidare oppover. Det er viktig å ta vare på gyteelvane langs Jølstravatnet for å oppretthalde eit genetisk mangfald. Ut i frå dette vil vi tilrå at kraftstasjonen vert plassert ovanfor vandringshinderet ved kote 225.

Minstevassføringa er planlagt på nivå med 5-persentilar sommar og vinter, og dette skal i utgangspunktet oppretthalde ein viss dynamikk gjennom året og i nokon grad avbøte skade på dei allmenne interessene. For oss ser den oppgjevne verdien for 5-persentil sommar ut til å vere svært låg i høve til middelvassføringa og den alminnelege lågvassføringa, og vi ber NVE kontrollere denne.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer det som akseptabelt å opne for ei viss kraftutnytting av

vassressursen i Helgheimselva, men prosjektet bør justerast noko for å redusere påverknaden på naturmiljøet. Vi tilrår alternativ 2 (utan Stølselva), da dette vil hindre at ein prioritert naturtype vert råka, og det vil auke vassføringa noko og sikre noko betre naturleg dynamikk på strekninga nedanfor samlaupet. Vidare tilrår vi at kraftstasjonen vert flytta til ovanfor vandringshinderet ved kote 225 for å oppretthalde fiskeproduksjonen i elva.

Kupekraft kraftverk

Det går ein mykje brukt tursti frå Legestøylen og inn i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde til mellom anna Longevasshytta. Årdalen er framleis ein viktig innfallspor til landskapsvernområdet, sjølv om stien ikkje lenger er ein del av rutenettet til DNT etter at traseen vart teken av ras i 2004 og 2005. Heile tiltaksstrekninga ligg i eit nasjonalt viktig friluftsområde.

Det er skog (mest gran) opp til om lag ved Legestøylen, medan terrenget vidare oppover er ganske ope. Parkeringsplassen ved Legestøylen ligg eit stykke frå elva, men elva er godt synleg frå stien. Dette gjeld mellom anna eit fossestryk ved Legestøylen som bidreg til turopplevinga. Ved Slettevellingene noko lenger oppe går elva kloss i stien. I dei brattaste partia vest for Såtehaugen renn elva i fossestryk dels over bart fjell, og er dermed godt synleg frå stien nede i dalen og viktig for landskapsopplevinga frå turruta opp til Stegsvatnet.

Kraftstasjonen er planlagt mellom Legestøylen og Svartestøylen for ikkje å kome i konflikt med stølsmiljøa. Vidare er røyrkata planlagt på vestsida av dalen av omsyn til turstien frå Legestøylen til Longevasshytta. Vi har ikkje vesentlege innvendingar til kraftstasjonsplasseringa, men vi vurderer røyrkatetrassen i eit bratt fjellterreng vest for Såtehaugen som utfordrande. Vurdert på avstand frå stien om lag ved kote 450 ser det ikkje ut til å vere lausmassar i dette området. Dersom det må sprengjast i dette opne partiet med bart fjell, vil det verte eit godt synleg inngrep som råkar friluftssinteressene. Vi tilrår at det vert stilt krav om tunnel på denne delen av vassvegen.

Verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde opnar for at Stegsvatnet kan regulerast innafor øvre og nedre naturlege nivå, føresett at det vert gjeve konsesjon etter vassdragsreguleringslova. Dette er ei føring frå arbeidet med verneplanen til fordel for den konsesjonssøkte kraftutbygginga. Det beste for naturmiljøet og landskapsvernområdet vil likevel vere å plassere inntaket nedanfor det bratte partiet der elva renn over bart fjell, eit alternativ det ikkje er søkt om. Energigevinsten ved å regulere Stegsvatnet må såleis vegast opp mot ulempene for viktige natur- og friluftslivsverdiar. Utbygginga vil føre til eit netto tap av villmarksprega område (> 5 km frå inngrep) på 13,25 km².

Søknaden har to alternativ, eit med inntak i Stegsvatnet, og eit med eit inntak (dam) like nedanfor. Dei to alternativa har same energipotensial og elles heilt like data, også når det gjeld økonomi. I følgje søknaden vil inntak direkte i Stegsvatnet verte eit mindre synleg inngrep enn alternativet med inntak nedstraums vatnet. For naturmiljøet og friluftssinteressene vil det beste alternativet etter vårt syn likevel vere at Stegsvatnet ikkje vert regulert og at inntaket vert lagt nedanfor vatnet. Dette fordi landskapsrommet og dermed landskapsopplevinga av Stegsvatnet då vert upåverka av utbygginga. Den synlege delen av inntaksdammen bør vere i naturstein for å gli best mogleg inn i landskapet.

Den prioriterte og artsrike naturtypen «kalkrike område i fjellet» (verdi svært viktig - A) er registrert på austsida av Stegsvatnet. Strandsnipe (raudlista, NT) og fossefall hekkar truleg langs vassdraget. Luftspennet frå Dalevatnet kan kome i noko konflikt med fugl som held til kring vatnet, og det er foreslege i naturutgreiinga å leggje jordkabel også i den nedre delen av utførselstraseen. Vidare vil det vere viktig å fastsetje eit tilstrekkeleg miljøbasert

vassføringsregime for å avbøte skadane på dei nemnde artane og anna vasstilknytt flora og fauna på tiltaksstrekninga.

Stegsvatnet har hatt ein fin aurebestand, men er i følgje opplysningar i søknaden truleg heilt eller nesten fisketomt i dag. Dersom dam ved utlaupet av vatnet vil råke eventuelle gyteområde i utlaupselva, vil det vere viktig å oppretthalde produksjonspotensialet ved å sikre vandringsveg for fisk mellom vatnet og gyteområda. Vidare ligg det ein fin fiskekulp under fossen ved Legestøylen som vil verte øydelagt av utbygginga. Det bør vurderast om kraftstasjonsavlaupet kan planleggjast slik at fiskekulpen og gyteområda så langt som råd kan oppretthaldast.

Planlagt minstevassføring er på nivå med alminneleg lågvassføring, og berre 11 % av 5-persentilen i sommarhalvåret. Elva, som i dag er eit tydeleg landskapselement og har stor verdi for friluftslivet, vil med så lita vassføring opplevast som tilnærma tørrlagt. For i nokon grad å avbøte skade på dei allmenne interessene må minstevassføringa minst opp på nivå med 5-persentilen i sommarhalvåret.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer det som akseptabelt å opne for ei viss kraftutnytting av vassressursen i Årdalen, men det er store allmenne interesser knytt til vassdraget og dalføret som det må takast omsyn til ved ei eventuell utbygging. Vernevedtaket for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde legg føringar for ein konsesjon, sjølv om det er viktige naturverdiar i området. Verneforskrifta opnar for regulering av Stegsvatnet, men vi meiner likevel det vil vere klare føremøner om det vert gjeve konsesjon for alternativet med inntak nedstrøms Stegsvatnet, kote 778. Vi vil rå i frå at vatnet vert regulert med inntak i Stegsvatnet, då det vil få større konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv utan å gje nokon energigevinst. Det bør stillast krav om minstevassføring minst på nivå med 5-persentilar sommar og vinter. Vidare bør det stillast krav om tunnel på delar av strekninga.

Åmot kraftverk

Haugadalen er innfallspørt til Jostedalsbreen nasjonalpark og eit nasjonalt viktig friluftsområde. Innfart til nasjonalparken og friluftsområdet skjer til fots eller med bil på bomvegen opp dalen.

Ein mektig foss på utbyggingsstrekninga er godt synleg frå campingplassen på Høyset, delar av vegen opp i Haugadalen, og frå vegen vidare innover Stardalen. Fossen gjev eit særleg sterkt inntrykk om sommaren når vassføringa er høg. Det er vårt syn at dei få attverande fossane som renn naturleg i Jølster ikkje bør byggjast ut, ikkje minst gjeld dette ved viktige innfallspørtar til nasjonalparken. Vassføringa i denne fossen etter ei eventuell utbygging vil ha mykje å seie for i kva grad allmenne interesser vert råka av tiltaket. Elva elles er synleg frå vegen opp Haugadalen eit parti ved det planlagde inntaket, men ikkje på stigninga opp frå Høyset. Utbygginga vil ikkje påverke inngrepsfrie naturområde (INON).

Ved Høyset er det registrert ein naturbeitemark (verdi lokalt viktig – C). Orkideen brudespore (tidlegare raudlista) er registrert her, og det er potensial for funn av raudlisteartar innan gruppa beitemarksopp. Kantsona av elva langs Høyset har innslag av fossesprøypåverka fosseeng, og dette er ein noko truga vegetasjonstype (VU). Strandsnipe (raudlista, NT) og fossekall hekkar truleg langs vassdraget. Det vil vere viktig å fastsetje eit tilstrekkeleg miljøbasert vassføringsregime for å avbøte skadane på dei nemnde artane og anna vasstilknytt flora og fauna på tiltaksstrekninga.

Utbygginga er planlagt med høg slukeevne (230 % av middelvassføringa) og låg minstevassføring (om sommaren berre 32 % av 5-persentilen), og elva vil ha uvanleg låg

vassføring det meste av sommarsesongen. På grunn av brefeltet har elva i dag naturleg høg sommarvassføring, så ei minstevassføring på 500 l vil opplevast som eit stort naturinngrep i store delar av sommarsesongen.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer at Åmot kraftverk vil medføre sterkt redusert vassføring i ein godt synleg foss som har stor verdi for landskapsopplevinga ved ein innfallsport til ein nasjonalpark og eit nasjonalt viktig friluftsområde. Kraftverket er planlagt med høg utnytting og låg minstevassføring, og vil ikkje kunne oppretthaldast som ei mektig landskapselement slik prosjektet er planlagt. I medhald av vassressurslova § 24 fremjar vi difor motsegn til bygging av Åmot kraftverk.

Paulen kraftverk

Hovudalternativet har inntak ved utlaupet av Paulsvatnet, medan søknaden nemner eit anna alternativ med inntak nedstraums den kommunale brua ved utlausosen.

Det er registrert fleire prioriterte naturtypar i tiltaksområdet. I nedre halvdel av utbyggingsstrekninga inkludert kraftstasjonsområdet ligg det ei hagemark (verdi viktig - B). Kantvegetasjonen på strekninga der elva delar seg i fleire laup kan ha kvalitetar som flaummarkskog. Fleire av desse elvelaupa er flaumlaup som truleg vil verte tørrlagde etter utbygginga. Rett ved kraftstasjonstomta er det fleire svært store almar, som i tillegg til naturverdien også bidreg til landskapsopplevinga i kraftstasjonsområdet. På nordsida av Paulsvatnet og øvre del av tiltaksstrekninga er det registrert ein rik edellauvskog (verdi viktig - B) med mellom anna eit hundretals styva almar. Denne lokaliteten grensar mot vegen og går dermed ikkje heilt fram til vassstrengen. Vidare er det registrert ei slåttemark (verdi lokalt viktig - C) rett søraust for Paulsvatnet. Denne lokaliteten er i ferd med å gro att, og i naturutgreiinga for kraftverket er verdien sett ned til «uprioritert». Røyrigata er planlagt mellom elva og vegen, og vil skjære gjennom vegetasjonen i ein prioritert naturtype.

Det er registert fleire raudlisteartar ved Paulselva eller i nærområdet: Alm (NT), bleikdoggnål (NT), oter (VU), hubro (EN) og hønselhauk (NT). Dersom det vert gjeve konsesjon må det føresetjast at anleggsarbeidet vert lagt utanom hekketida for hubro. Paulsvatnet er i følgje naturutgreiinga viktig for mellom anna vadefugl og ender, og trane er også vanleg å sjå ved vatnet. Strandsnipe (NT) og fossefall vart ikkje registrert under feltarbeidet ved dette prosjektet, men desse artane hekkar truleg langs vassdraget. Dersom vassdraget vert utbygt vil det vere viktig å fastsetje eit tilstrekkeleg miljøbasert vassføringsregime for å avbøte skadane dei prioriterte naturtypene, og på dei nemnde artane og anna vasstilknytt flora og fauna på tiltaksstrekninga.

Paulsvatnet har bestand av aure av bra kvalitet og storleik. Det går ikkje fram av naturutgreiinga om utbygginga kan påverke rekrutteringa av aure. Dersom auren gyter i utlaupselva vil den største konsekvensen verte årsaka av at den planlagde inntaksdammen vil hindre vandring mellom vatnet og eventuelle gyteområde nedstraums. Sidan vatnet ser ut til å ha ein god bestand i dag, legg vi til grunn at det er god balanse mellom rekrutteringa og fangstutnyttinga slik at redusert rekruttering kan få konsekvensar for fisket i vatnet. Elvefiske nedstraums vatn med fin fisk vil også verte negativt påverka om vandringa mellom elva og vatnet vert hindra. Det må difor føresetjast at fisk skal få å vandre fritt i elva, og mellom elva og vatnet. Inntaket bør leggjast nedanfor vatnet dersom det skal gjevast konsesjon til kraftverket. Det er undersøkt om strekninga har ål eller elvemusling, utan å påvise desse artane.

Det er tilrettelagt for fottur rundt Paulsvatnet, og på infoplakat ved utlaupet har Jølster kommune omtalt turen til å vere «*trolsk og vakker*». «Den Trondhjemske postvei» går på nordsida av Paulsvatnet.

Planlagt minstevassføring på nivå med 5-persentilar sommar og vinter vil gje ein viss variasjon i vassføringa gjennom året og i nokon grad avbøte skade på flora og fauna i og ved elva. Det er ikkje vist foto i søknaden med elva på nivå med planlagt minstevassføring, men derimot ved vassføringar på 1 m³/s og 2,5 m³/s.

Konklusjon

Det er store naturverdiar knytt til Paulsvatnet og den planlagt utbygde strekninga av Paulsvatnet, og området ved vatnet er også godt tilrettelagt for friluftsliv. Fylkesmannen vurderer at utbygginga kan få konsekvensar for desse interessene på grunn av redusert vassføring og inngrep som følgje av inntaksdam, røyrgate og kraftstasjon. Sidan vi er usikre på om skadane kan avbøtast i tilstrekkeleg grad til at konsekvensane vert akseptable, og fordi prosjektet også gjev høvesvis liten energiproduksjon, vil vi rå i frå at det vert gjeve konsesjon. Dersom det likevel vert gjeve konsesjon til utbygging av vassdraget, bør alternativet med inntak nedanfor den kommunale brua nedstraums vatnet veljast på grunn av store naturverdiar knytt til vatnet og liten energigevinst ved å regulere vatnet.

Driva kraftverk

Haugadalen er innfallsport til Jostedalsskogen nasjonalpark og eit nasjonalt viktig friluftsområde. Innfart til nasjonalparken og friluftsområdet skjer til fots eller med bil på bomvegen opp dalen. Inntaket er planlagt nedanfor stølen og utanfor nasjonalparken, men ovafor parkeringsplassen godt synleg frå stien inn i nasjonalparken om lag 175 meter frå nasjonalparkgrensa. Inntaket vil også verte godt synleg frå store område i nasjonalparken.

Tiltaksstrekninga er ikkje synleg frå vegen i Stardalen, men svært godt synleg frå vegen opp Haugadalen der terrenget flatar ut etter den første bratte stigninga. Elva inkludert fossefallet i den neste bratte stigninga mot Haugastøylen er godt synleg frå vegen vidare opp dalen. Det er vårt syn at dei få fossane som renn naturleg i Jølster ikkje bør byggjast ut, ikkje minst ved viktige innfallsportar til nasjonalparken. Tiltaksstrekninga ligg nær veg, og tiltaket vil få små konsekvensar for inngrepsfrie naturområde (INON).

Frå Haugastøylen og opp mot Haugabreen, altså i nasjonalparken ovanfor tiltaksstrekninga, ligg fleire parallelle moreneryggar frå 1750 og yngre. Dette området ned til om lag 600 moh er registrert med spesielle naturkvalitetar (EDNA). I ein rapport frå 1986 utarbeidd av Eivind Sønstegaard og Rune Aa ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, skriv dei at «sidemorenene nedanfor Haugabreen peikar seg ut som dei best utvikla og mest instruktive i Jostedalsskogenområdet. I Haugadalen er det også instruktive skrederosjons- og akkumulasjonsformer av fleire slag. Moreneryggane bør få høgste verneprioritet.»

Det er registrert to prioriterte naturtypar på tiltaksstrekninga; respektive «bekkekløft og bergvegg» og «naturbeitemark» (begge verdi lokalt viktige – C). I det bratte partiet med bekkekløft er det blankskurde berg og jettegryter. Bekkekløfta «Haugadalen nord» har innslag av vegetasjonstypen fosseeng (verdi viktig - B). Strandsnipe (raudlista, NT) og fossefall hekkar truleg langs vassdraget.

Utbygginga er planlagt med låg minstevassføring (om sommaren berre 36 % av 5-persentilen), medan slukevna er moderat samanlikna med ein del andre kraftprosjekt (150 % av middelvassføringa). Vi vurderer at elva vil ha uvanleg låg vassføring i mykje av sommarsesongen. På grunn av brefeltet har elva i dag naturleg høg sommarvassføring, så ei minstevassføring på 500 l kan opplevast som eit stort naturinngrep i store delar av

sommarsesongen. Dersom elva skal oppretthaldast som eit tydeleg landskapselement og skade på naturmiljøet langs elva skal avbøtast, bør minstevassføringa aukast monaleg i høve til det som er planlagt.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer at Driva kraftverk vil føre til inngrep og sterkt redusert vassføring i eit vassdrag som har stor verdi for landskapsopplevinga ved ein innfallsport til ein nasjonalpark og eit nasjonalt viktig friluftsområde, og vil også råke nedre del av eit høgst verneverdig kvartærgeologisk landskap like ved nasjonalparkgrensa. Kraftverket er planlagt med låg minstevassføring, og elva vil ikkje kunne oppretthaldast som ei mektig landskapselement slik prosjektet er planlagt. I medhald av vassressurslova § 24 fremjar vi difor motsegn til bygging av Driva kraftverk.

Neselva II kraftverk

Øvre delar av nedslagsfeltet inngår i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det går ein tursti frå Nesstøylen og nordover inn i landskapsvernområdet og vidare til Ryssdalsstøylen. Innfart til denne turstien og dermed landskapsvernområdet skjer på vegen mellom Ytre Kandal og Nesstøylen/Ytre Kandalsstøylen. Utbyggingsstrekninga er langs vegen opp til Kandalsstøylen. Området er såleis ein innfallsport til landskapsvernområdet, men ikkje av dei aller mest brukte.

Frå inntaket og nedover er det skog av gråor og bjørk, og med innslag av osp og furu, men på strekninga vidare nedover er det gradvis meir planta gran. Det er fleire fine fossar på utbyggingsstrekninga. Elva er godt synleg frå vegen ved inntaket og ned til den andre fossen på. Vidare nedover vert elva etter kvart gøymd av skog, men kan høyrast godt frå vegen. Ovanfor inntaket går dalføret etter kvart over i eit tiltalende støls- og fjellandskap, og elva bidreg godt i landskapsbiletet. Rett ovanfor inntaket ligg ein fossekulp som ser ut til å ha kvalitetar som badehøl, men vi kjenner ikkje til om den ver nytta til dette føremålet. Så langt vi kan sjå vil ikkje fossen eller kulpen verte direkte råka av reguleringa. Tiltaket er planlagt nær veg og vil få små konsekvensar for inngrepsfrie naturområde (INON).

Store delar av tiltaksstrekninga er omfatta av den prioriterte naturtypen «bekkekløft og bergvegg», utforming bekkekløft (verdi viktig – B). Innanfor øvre del av bekkekløfta er det avgrensa tre ulike fossesprøytoner, med utformingane fosseeng og fosseberg (alle med verdi viktig – B). Redusert vassføring vil være negativt for fossesprøytonene og den avgrensa bekkekløfta og bergveggen, og i fosseengene kan gjengroinga auke. Samla er tiltaket vurdert i naturutgreiinga til å ha middels til stor negativ verknad på naturtypar. Vidare ligg tiltaket i eit område med randmorenar og dalbremorenar, og som er registrert med spesielle naturkvalitetar i EDNA.

Av registrerte raudlisteartar i området er oter (VU) og truleg strandsnipe (NT) direkte knytt til elvemiljøet i tiltaksområdet. Vidare hekker fossekall langs vassdraget. Det vil vere viktig å fastsetje eit tilstrekkeleg miljøbasert vassføringsregime for å avbøte skadane på dei nemnde artane og anna vassilknytt flora og fauna på tiltaksstrekninga.

Planlagt minstevassføringa om sommaren er berre 22 % av 5-persentilen, men slukevna er moderat samanlikna med ein del andre kraftprosjekt (150 % av middelvassføringa). På grunn av snørike fjellområde og noko brefelt har elva naturleg høg sommarvassføring, så ei minstevassføring på 200 l kan opplevast som eit stort naturinngrep i store delar av sommarsesongen. Dersom elva skal oppretthaldast som eit tydeleg landskapselement og for avbøte skade på fossesprøytpåverka naturtypar, må minstevassføringa minst opp på nivå med 5-persentilen i sommarhalvåret.

Avbøtande tiltak for Neselva II bør også sjåast i samband med den harde utnyttinga av vatnet lenger nede i vassdraget. Avlaupet frå Neselva II kraftverk er planlagt rett inn i inntaket til Neselva kraftverk, som regulerer strekninga vidare ned til Breimsvatnet. Dette kraftverket har krav om minstevassføring berre i sommarhalvåret, og elva er heilt tørrlagt i store delar av vinterhalvåret.

Konklusjon

Det er store allmenne interesser knytt til vassdraget og dalføret som det må takast omsyn til for at ei eventuell regulering skal få akseptable konsekvensar for desse interessene. Dersom elva skal oppretthaldast som eit tydeleg landskapselement, og for å avbøte skade på fossesprøytpåverka naturtypar, bør minstevassføringa i sommarhalvåret minst opp på nivå med 5-persentilen. Under tvil kan vi då akseptere utbygginga.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Av dei elvane som er planlagt regulerte er Neselva sett i «risiko» på grunn av manglande data. Paulselva manglar også data, men ei strekning lenger oppe i vassdraget (087-142-R) er sett i risiko. Neselva og Paulselva bør dermed kartleggjast før det eventuelt vert gjeve konsesjon. Dei andre vassdraga som er planlagt regulerte er sett til «god økologisk tilstand».

Når det gjeld anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve (anleggskonsesjon).

Det må leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen. Behovet for dette vil avhenge av nærleiken til næraste bustad, hytte eller næringsbygg. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Jølster kommune
Gløppen kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet